



Forslag til nye vedtekter





Helskapeleg forslag til nye vedtekter i Rødt

Innhald

- § 1 Namn og formål
- § 2 Medlemene sine rettar og plikter
- § 3 Kontingent
- § 4 Organisasjonsprinsipp
- § 5 Lokallag
- § 6 Kommuneorganisasjon
- § 7 Distriktsorganisasjon
- § 8 Fylkesorganisasjon
- § 9 Landsmøtet
- § 10 Landsstyret
- § 11 Sentralstyret
- § 12 Arbeidsutvalet
- § 13 Nominasjonar
- § 14 Kvotering
- § 15 Disiplinærtiltak
- § 16 Rusmiddel
- § 17 Økonomiske spørsmål
- § 18 Ungdomsorganisasjonen
- § 19 Oppløysing
- § 20 Vedtekter og vedtak

Gjennomgåande endringar:

- «Lag» er endra til «lokallag»
- Der det ikkje er fare for forveksling er «(lokal)lagsstyret», «distriktsstyret» og «fylkesstyret» erstatta med «styret»
- Nynorsk språkvask
 - Ein medlem – medlemen – medlemmer – medlemene (mest brukte forma frå før)
 - Konsekvent e-infinitiv

§ 1 Namn og formål

1. Partiet heiter Rødt/Raudt. Det nordsamiske namnet er Ruoksat.
2. Raudt driv politisk arbeid på grunnlag av partiet sine program og vedtekter.

Endringar i paragraf 1:

I punkt 1 er «Det samiske namnet» endra til «Det nordsamiske namnet»

§ 2 Medlemene sine rettar og plikter

1. Alle som godtar programmet og vedtektene til Raudt og som betaler kontingenten, vert medlem i partiet.
2. Eit nytt medlem har rett til å få ei innføring i kva partiet står for.
3. Ein må ha vore medlem i tre veker og ha betalt kontingent det aktuelle året, før ein får røysterett på landsmøtet, årsmøte og nominasjonsmøte, og før ein kan røyste ved val av delegatar til slike møte.
4. Medlemene har rett til – gjennom eit lokallag – å delta ved val av delegatar til årsmøte og landsmøte og til sjølv å vere delegat.
5. Medlemene har rett til å anka vedtak frå eit organ til eit høgare organ.
6. Medlemene har rett til å få rapportar om arbeidet til partileiinga og om utviklinga i partiet som heilskap.
7. Partiet skal leggje til rette for at medlemene kan arbeide aktivt i lokallag. Medlemene bør om mogleg delta i lokallagsarbeidet.
8. Medlem i Raudt kan ikkje samtidig vere medlem i anna norsk politisk parti, eller stille til val på vallister som konkurrerer med Raudt-lister
9. Medlem i Raudt kan ikkje tilhøyra politisk foreining/organisasjon som motarbeider Raudt
10. Medlem i Raudt som har mogelegheit til det, bør vere fagorganisert



Endringar i § 2:

- I punkt 2 er følgjande tekst strøket:(program, vedtekter og partiarbeidet).
- I punkt 4 er setninga «Ingen kan binde korleis ein partimedlem skal røyste» tatt ut og flytta til § 4 Organisasjonsprinsipp.
- I punkt 8 er delsetninga « - eller stille til val på vallister som konkurrerer med Raudt-liste» lagt til, det er organisasjonspraksis i dag
- Punkt 10 er et nytt forslag

§ 3 Kontingent

1. Landsstyret fastset kontingentsatsar og reglar for innbetaling og kva verknad manglande innbetaling har på medlemsrettane. Satsane skal graderast etter inntekt. Medlemene vert oppfordra til å betale meir enn sats.
2. Minst halvdel av kontingenten skal tilfalle grunn- og distriktsorganisasjonane. Distriktsorganisasjonane sin del av kontingenten vert fastsett i Raudt sitt årsbudsjett.

§ 4 Organisasjonsprinsipp

1. Raudt skal vere ein open organisasjon prega av gjensidig respekt, der usemje vert verdsett og politikk vert utvikla i ein arbeidsfellesskap. Lokallag og medlemmer skal gjere usemje kjent i partiet for slik å bidra til politisk utvikling og eit reelt partidemokrati.
2. Leiinga på alle nivå har eit særskilt ansvar for at mindretalssyn vert kjent og reelt handsama i partiet.
3. Ved usemje om kva standpunkt partiet skal ta i saker som er til handsaming i folkevalde organ, avgjer partistyret på det aktuelle nivået. Dei folkevalde representantane har rett til å delta i drøftingane.
4. Om ei sak gjeld til dømes to kommunar, skal partiorganisasjonen baa stader samrå seg og freiste å kome til eit sams standpunkt.
5. Ved val til tillitsverv skal ein arbeide for rotasjon. Dette gjeld både lokalt og sentralt, ved val til partiet sine eigne organ og ved nominasjon til folkevalde verv.
6. Medlemer som blir valt som delegat til møte i partiet kan ikkje bindast til korleis ein skal røyste.
7. Det same organet som har valt ein tillitsvalt kan ta frå personen vervet. Berre lovleg innkalte ordinære eller ekstraordinære møte kan fatte slike vedtak. Den tillitsvalte skal bli gjort kjent med saka og få høve til å uttale seg til dei som innstiller og avgjer saka.

Endringar i § 4

- Nytt punkt 6 er tatt inn, flytta frå § 2
- Nytt punkt 7 foreslås inn – dette for å synleggjøre god organisasjonsskikk

§ 5 Lokallag

1. Lokallaget er den viktigaste eininga i partiorganisasjonen. Lokallaga gjer det konkrete politiske arbeidet, diskuterer og utviklar ny politikk og vel representantar til dei andre organa i partiet.
2. Lokallag kan organiserast kring bustad, arbeidsstad, bransje eller interessefelt. Alle medlemmer høyrer til eitt lokallag.
3. Eit lokallag skal ha styre med minst leiar og økonomiansvarleg. Distriktsstyret/landsstyret kan gjere unntak frå dette.
4. Årsmøte i lokallag skal vere kvart år innan utgangen av februar. Det skal minst handsame styret si årsmelding, rekneskap og årsplan og velje styre. Årsmøtet skal varslast seinast ein månad før, og sakspapira skal vere hos medlemene seinast ei veke før.
5. Ekstraordinært årsmøte i eit lokallag skal haldast om ein tredel av medlemene eller ein tredel av styret krev det. Dersom styret ikkje oppfyller pliktene sine etter vedtektene, kan distriktsstyret innkalle til ekstraordinært årsmøte i lokallaget.
6. Lokallag skal sende årsmøteprotokollen til partileiinga.
7. Distrikts- eller landsstyret kan oppløyse eller slå saman lokallag når det ikkje lenger er medlemsgrunnlag for å oppretthalde dei. Medlemene i lokallaget har rett til å uttale seg på førehand. Distrikts- eller landsstyret vedtek òg kva som skal gjerast med eignedomen til laget.

Endringar i § 5

- I punkt 2 er andre og tredje setning er skrivne saman til éi setning: «Alle medlemmer høyrer til eitt lokallag.» frå «Alle medlemmar tilhøyrer eit lag. Ein medlem kan berre ha medlemsrettar i eitt lag som har rett til å velje delegatar.»
- I det tidlegare punkt 3 er første setning («Distriktsstyret godkjenner nye lag.») flytta til § 7 Distriktsorganisasjon. Den andre setninga («Der det ikkje finst distriktsstyre, godkjenner landsstyret nye lag.») er stroke, sidan vi ikkje har distrikt utan distriktsstyre. Den siste setninga («Tvist om slik avgjerd kan ankast inn for landsstyret og/eller landsmøtet.») er stroke fordi det allereie er dekt av § 2,



punkt 5.

- Det tidlegare punkt 5 om delegatval til er stroke, sidan det er gjentatt i § 10, punkt 5.
- Dei nye punkta 4, 5 og 6 og 7 er flytta frå § 9 Årsmøte, som er fjerna og fordelt på dei andre paragrafane.
- Punkt 7 er flytta frå § 19 Oppløysing

§ 6 Kommuneorganisasjon

1. Der eitt lokallag aleine dekker éin eller fleire kommunar representerer dette lokallaget partiet i kommunen.
2. I kommunar med fleire lokallag skal det vere eit styre som koordinerer arbeidet. Om det høver best, kan eit slikt samordningsstyre dekke fleire kommunar. Dette styret representerer partiet i kommunen. Valmåten vert fastsett i lokal vedtekt. Vedtekta vert første gong fastsett på felles medlemsmøte.

Endringar i § 6

- Punkt 1 er omskrive
- I punkt 2 er referansen til vallova stroke. Det er både feil lov og overflødig. Den fjerde setninga i punktet («Styret kan bestå av...») er stroke, sidan det berre er ei opprømsing av alternativ, og dei lokale vedtektene uansett må velje valmåten.
- Det tidlegare punkt 3 er stroke fordi dette er noko distriktsstyret kan gjera utan at det står i vedtektene.
- Dei tidlegare punkta 4 og 5 er stroke fordi dette er regulert i lokale vedtekter der det er aktuelt.

§ 7 Distriktsorganisasjon

1. Distriktsorganisasjon er partiet si organisering innafor det enkelte fylket eller innanfor tidlegare fylkesgrenser dersom minst ein av dei tidlegare fylkesorganisasjonane meiner det er formålstenleg.
2. Styret skal koordinere lokallag og enkeltmedlemer i distriktet til felles handling og utvikling av politikk. Styret skal følgje opp medlemer som står utanfor lokallag, og bygge partiet i distriktet.
3. Styret skal minst bestå av leiar, nestleiar og økonomiansvarleg. Leiar eller nestleiar skal vere kvinne. Styret representerer partiet i distriktet.
4. Styret godkjenner nye lokallag i distriktet.
5. Årsmøte i distriktsorganisasjonane skal vere kvart år innan utgangen av mars. Til årsmøtet vel lokallaga delegatar etter medlemstal. Anna ordning kan fastsetjast i lokal vedtekt. Dato for årsmøtet og delegatnøkkelen vert fastsett av styret og skal gjerast kjent minst åtte veker før. Lokallag kan anke delegatnøkkelen inn for partileiinga innan to veker etter kunngjeringa. Sakspapir til årsmøtet skal vere hos lokallaga seinast to veker før møtet. Årsmøtet skal minst handsame styret si årsmelding, revidert rekneskap, framlegg til årsplan og velje styre.
6. I landsmøteår nominerer årsmøtet minst fire kandidatar til landsstyret i prioritert rekkefølge innanfor reglane i § 14.
7. Ekstraordinært årsmøte i eit distrikt skal haldast om ein tredel av lokallaga eller ein tredel av styret krev det. Dersom styret ikkje oppfyller pliktene sine etter vedtektene, kan landsstyret innkalle til ekstraordinært årsmøte i distriktslaget.
8. Styret skal sende årsmøteprotokollen inn til partileiinga.

Endringar i § 7

- I punkt 3 er referansen til vallova og «når distriktet er eige valdistrikt» stroke fordi dei er overflødige. Referansen er dessutan til feil lov.
- Tidlegare punkt 4 er stroke, fordi vi har lokallag i alle distrikt.
- Tidlegare punkt 5 er flytta til § 10 Landsstyret, men utan setninga om tvist, som allereie er dekt av § 2, punkt 5.
- Tidlegare punkt 6 er flytta til § 10 Landsstyret.
- Punkt 4 er flytta frå § 5 Lokallag
- Punkta 5–8 er henta frå § 9 Årsmøte, som er fjerna og fordelt på dei andre paragrafane.
- Punkt 6 er skrive om til å vise til § 14.

§ 8 Fylkesorganisasjon

1. I fylke med fleire distriktsorganisasjonar, skal det vere eit styre som samordnar arbeidet. Dette samordningsstyret representerer partiet i fylket.
2. Samordningsstyret skal bestå av minst tre representantar frå kvar av distriktsorganisasjonane. Representantane skal vere valde på distriktsårsmøta eller det kan veljast på eit fylkesmøte av delegatar frå lokallaga. Valmåten vert fastsett i lokal vedtekt som første gong vert fastsett på delegatmøte.
3. Det skal haldast minst eit delegatmøte i året.
4. Samordningsstyret skal levere årsrapport om arbeidet sitt tidsnok til at han kan sendast ut saman med sakspapira til distriktsårsmøta.



Endringar i § 8

- Tidlegare punkt 1 er stroke, fordi det er overflødig.
- I tidlegare punkt 2 (nå punkt 1) er referansen til vallova stroke fordi det er feil lov og uansett overflødig.

Tidlegare § 9 Årsmøte er fjerna og fordelt på andre paragrafar

§ 9 Landsmøtet

1. Landsmøtet er det høgste organet i Raudt. Det skal haldast innan utgangen av mai minst annakvart år.
2. Innkalling, framlegg til dagsorden, delegatnøkkel og oversyn over forslagsfrister for landsmøtet skal vere ute i lokallaga minst 12 veker før møtet. Sakspapir irekna alle innsendte framlegg skal vere sendt delegatane seinast tre veker før landsmøtet.
3. Landsmøtet skal minst handsame melding og reviderte rekneskap for perioden og handlingsplan og retningslinjer for budsjett for komande periode. Landsmøtet skal vidare velje partileiar, nestleiar(ar), partisekretær, økonomiansvarleg, fagleg leiar, landsstyre og sentralstyre, samt revisor(ar). Funksjonane som er valde direkte på landsmøtet, med unnatak av revisor, utgjer partiet sitt arbeidsutval. Leiaren i ungdomsorganisasjonen har møterett med røysterett i partiet sitt arbeidsutval.
4. For at eit lokallag skal kunne sende delegatar på landsmøtet, må det vere oppretta og godkjent innan 31. desember året før. Lokallag godkjent seinare skal få sende observatør til møtet.
5. Berre lokallag kan velje delegatar til landsmøtet. Landsstyret vedtar delegatnøkkel. Alle lokallag som har tre medlemmer eller meir, skal ha minst ein delegat. To eller fleire lokallag i geografisk nærleik kan gå saman om å velje delegatar.
6. Raud Ungdom vel sjølv delegatar til landsmøtet, og får like mange delegatar frå kvart distrikt som om Raud Ungdom sine medlemmer i distriktet hadde vore eit lokallag i Raudt.
7. Delegatane vert valde med alminneleg fleirtal på medlemsmøte, der datoen er varsla minst tre veker før.
8. Berre valde delegatar har røysterett på landsmøtet. Landsstyret har tale- og forslagsrett.
9. Ekstraordinært landsmøte skal haldast når ein tredel av lokallaga krev det eller når distriktsorganisasjonar/ lokallag som representerer minst ein tredel av medlemene, krev det.

Endringar i § 9

- I punkt 5 er setningane sortert i ein meir logisk rekkefølge, og setninga «Landsstyret vedtek kor mange medlemmer eit lag må ha for å få sende delegatar til landsmøtet.» er stroke, sidan han blir annullert av den neste setninga.
- I punkt 7 er «lagsmøte (evt felles lagsmøte for fleire lag)» erstatta med medlemsmøte.

§ 10 Landsstyret

1. Landsstyret er det høgaste organet i Raudt mellom landsmøta, og leier arbeidet mellom landsmøta innanfor rammer som går fram av vedtekter, program og landsmøtevedtak.
2. Landsstyret er set saman av arbeidsutvalet, sentralstyret og representantar valt av landsmøtet. Minst ein av medlemene skal ha samisk bakgrunn. Raud Ungdom (RU) har ein plass i landsstyret, utnemnd av RU sjølv, med røysterett. Desse må vere medlemmer i partiet.
3. I landsstyret skal ein freiste å få ein så brei representasjon som mogleg, jf. § 14.
4. Landsstyret skal møtast minst tre gonger i året. Minst halvparten av medlemene i landsstyret må vere til stades for at eit LS-møte skal vere vedtaksdyktig.
5. Landsstyret kan utnemne utval som får politisk og praktisk ansvar for særskilde felt.
6. Medlemmane i landsstyret har ansvar for å hente inn syn på saker som skal opp i landsstyret frå distriktet sitt, og for å bidra til å gjera vedtak frå landsstyret kjent og sette dei ut i livet.
7. Landsstyret skal følgje opp dei lokale ledda i partiet i forkant og etterkant av landsstyremøte for å sikre forankring og oppfølging av sentrale vedtak.
8. Landsstyret kan delegere saker til lågare nivå og kan avgjere kva for organ som skal følgje opp vedtak i landsstyret.

Landsstyrets fullmaktsovråde:

- vedta budsjett og godkjenne rekneskap
- utnemne utval som får politisk og praktisk ansvar for særskilde felt og vedta mandat og økonomiske rammer for arbeidet til utvala
- vedta politikk i politiske saker som ikkje er dekt av arbeidsprogram
- fastsette kontingentsatsar og reglar for innbetaling
- vedta retningslinjer for innbetaling av partiskatt og fritak
- godkjenne oppretting av distriktsorganisasjonar
- godkjenne oppretting av ei samisk organisering i Raudt
- vedta talet på delegatar til landsmøtet og delegatnøkkel for desse



- vedta fordeling av observatørar til landsmøtet
- fastsette reglar om nominasjon til sametingsvalet
- fastsette ansvarsområdet til sentralstyret og arbeidsutvalet
- fastsette standardvedtekter for lokale og regionale organisasjonsledd
- vedta retningslinjer for handsaming av saker med seksuell trakassering
- vedta retningslinjer for handsaming av konfliktsaker

Endringer i § 10

- Punkt 1 er omskrevet for å tydeliggjøre bestemmelsen uten at det materielle innholdet er endret. Dette var tidligere formulering: «Landsstyret leier arbeidet mellom landsmøta innanfor rammer som går fram av vedtekter, program og landsmøtevedtak»
- Tidligere punkt 2 om arbeidsutvalget er tatt ut og flyttet til ny paragraf om arbeidsutvalget
- Nytt punkt 2 er tidligere punkt 3 Første setning er ny: «Landsstyret er samansett av arbeidsutvalet, sentralstyret og representantar valt av landsmøtet.» dette er en tydeliggjøring av hvem landsstyret består av. Resten av punktet er uendret.
- Første setning i tidligere punkt 3 «I landsstyret skal ein freiste å få ein så brei geografisk representasjon som mogleg» er nå nytt punkt 3
- Siste setning i punkt 4 «Vedtak i landsstyret kan ankast inn for landsmøtet.» foreslås strøket, bestemmelsen er dekket av tilsvarende bestemmelse i § 2.5

Tidligere punkt 5 om sentralstyret er flyttet til ny § 11 Sentralstyret

- Punktene 6-8 er nye og foreslås tatt inn fra dagens vedtatte mandat for landsstyret
- Kulepunktene er tatt inn for å synleggjøre landsstyrets myndighetsområde. De er dels tatt fra de øvrige vedtektene om samlet her, dels tatt fra dagens vedtatte mandat for landsstyret

§ 11 Sentralstyret

1. Når landsstyret ikkje er samla, er sentralstyret det høgste organet i Raudt. Sentralstyret leier det daglege arbeidet til organisasjonen i tråd med retningslinjer frå landsmøtet og landsstyret, og skal sjå til at vedtaka frå landsmøtet vert gjennomførte.
2. Sentralstyret er sett saman av arbeidsutvalet og representantar valt av landsmøtet. Minst halvparten av medlemene i sentralstyret må vere til stades for at eit sentralstyremøte skal vere vedtaksdyktig.
3. Sentralstyret kan delegere saker til lågare nivå og kan avgjere kva for organ som skal følgje opp vedtak i sentralstyret.
4. Sentralstyret er det utøvande organet i partiet etter partilova
5. Landsstyret fastset elles ansvarsområda til sentralstyret.

Endringer i § 11

- Dette er foreslått som en ny paragraf, og punkt 1 er hentet fra tidligere § 11 Landsstyret, med tillegg av siste delsetning som er et nytt forslag. De øvrige punktene er for å tydeliggjøre sentralstyrets sammensetning og myndighetsområde.

§ 12 Arbeidsutvalet

1. Arbeidsutvalget (AU) er partiets daglege leiing og leier arbeidet mellom sentralstyremøta. AU innstiller saker til sentralstyret.
2. Arbeidsutvalget består av partileiar, nestleiar(ar), partisekretær, økonomiansvarleg og fagleg leiar. Leiaren i Raud Ungdom har møterett med røysterett i partiet sitt arbeidsutval.
3. Landsstyret fastset elles ansvarsområda til arbeidsutvalet.

Endringer i § 12

- Dette er foreslått som en ny paragraf, og bestemmelsen er hentet fra tidligere § 11 Landsstyret. Paragrafen er foreslått inn for å synleggjøre arbeidsutvalget som organ, dets sammensetning og myndighetsområde

§ 13 Nominasjonar

1. Når det skal stillast lister ved val til kommunestyre, skal det haldast nominasjonsmøte med røysterett for alle medlemmer som er busett i kommunen. Nominasjonsmøtet kan delegere ferdigstilling av lista til styret i kommunen. Punktet gjeld også for stortingslista for Oslo.
2. Dersom det er direkte val til bydelsutval eller liknande, skal det gå fram av lokal vedtekt korleis nominasjonen skjer.
3. Når det elles skal stillast lister ved val til Stortinget eller fylkesting skjer nominasjonen på nominasjonsmøte med delegatar frå lokallaga i valdistriktet. Når det skal stillast lister i fleire valdistrikt i



same fylke, skal det vere separate nominasjonsmøte, der berre delegatar frå valdistriktet har røysterett. Delegatnøkkel blir bestemt i lokal vedtekt. Ferdigstilling av lista kan delegerast til samordningsstyret når det gjeld fylkestingsval, og til distriktsstyret når det gjeld stortingsval så lenge dei gamle stortingsvaldistrikta gjeld.

Endringar i § 13

- I punkt 1 foreslås «- og kommuneval» i siste setning strøket. Det står i første setning at bestemmelsen gjelder kommuneval, ikkje nødvendig og gjenta
- Punkt 4 er tatt ut og flyttet til § 10 Landsstyret

§ 14 Kvotering

1. I alle organ innanfor Raudt, ved val av delegatar og ved nominasjon til Raudt sine vallister skal det vere minst 50 prosent kvinner. For å sikre kvinner høgt opp på lister, bør minst annankvar kandidat vere kvinne.
2. Unntak frå punkt 1 kan gjerast ved vedtak i landsstyret eller andre organ landsstyret gir slik makt til.
3. Ein skal freiste å ha ein høg arbeidandel i alle organ.
4. I skriftleg tilfang frå partiet sentralt (papir og nett) skal ein freiste å ha ein høg nynorskandel. Landsstyret skal kvart år vurdere situasjonen på feltet og drøfte kva tiltak som trengst. Det skal finnast oppdatert informasjonsmateriell på samisk.

Endringar i § 14

- Siste setninga i punkt 1 er skilt ut som eget punkt.

§ 15 Disiplinærtiltak

1. Om ein medlem skadar eller motarbeider Raudt eller bryt vedtektene, det setjast i verk disiplinærtiltak. Slike vedtak skal vere skriftlege med grunngjeving.
2. Eksklusjon kan vedtakast av landsstyre, distriktsstyre eller sentralstyret. Eksklusjon krev kvalifisert fleirtal, 2/3 av dei røysteføre. Ein ekskludert misser alle rettane sine unnateke paragraf 2.5. Om ein som er ekskludert ankar denne avgjerda, er medlemskapen suspendert til anka er behandla. Ekskluderte medlemmer har rett til å søke sentralstyret om ny medlemskap.
3. Åtvaring, tilbaketrekking av eller suspensjon frå verv kan vedtakast av lokallagsstyre, distriktsstyre eller sentralstyre.
4. Disiplinærvedtak kan ankast i tråd med paragraf 2.5.
5. Raudt skal ha eigne retningsliner for handsaming av sakar med seksuell trakassering, desse retningslinene vedtas av landsstyret. Landsstyret velger for hver periode eit behandlingsutvalg for slike saker som innstiller overfor sentralstyret
6. Raudt skal ha eigne retningsliner for handsaming av konfliktsakar, desse retningslinene vedtas av landsstyret

Endringer i § 15:

- Punktene 5 og 6 er nye og foreslås tatt inn for synleggjøring av organisasjonspraksis

§ 16 Rusmiddel

Møte i regi av Raudt skal vere rusgiftfrie.

§ 17 Økonomiske spørsmål

1. All offentlig partistønad til Raudt (gruppe-, representant- og røystestøtte, møtegodtgjersle m.m.) er Raudt sin kollektive eigeendom. Stønaden vert disponert av landsstyret til fordeling til lokallag, kommunar og distrikt og til drift av Raudt sentralt. Medlemmer som får utbetalt godtgjersle, pliktar å sende denne over til Raudt. Landsstyret vedtek retningsliner for innbetaling og fritak.
2. Raudt løner sine tilsette etter prinsippet om likeløn. Dette gjeld både kontortilsette og lønna tillitsvalde. Tilsette i Raudt har fri organisasjonsrett og kan krevje tariffavtale og pensjonsavtale.

§18 Ungdomsorganisasjonen

1. Raud Ungdom er ungdomsorganisasjonen til Raudt.
2. Raud Ungdom har rett på delegatar på Raudt sitt landsmøte jf. § 9. Desse må vere medlemmer i Raudt.
3. I distrikt og på felt der det finst parallell organisering, skal Raud Ungdom inviterast til samarbeid med Raudt. Der det finst lokalt eller distrikts-/fylkesvist ledd av ungdomsorganisasjonen, har dette rett til ein representant i tilsvarande lokallags-/distrikts-/samordningsstyre av Raudt.

§ 19 Oppløysing

1. Framlegg om å oppløse Raudt eller slå partiet saman med ein annan organisasjon skal handsamast på to



landsmøte med minst tre og høgst seks månaders mellomrom. Det første av desse skal vere eit ordinært landsmøte, og her krevst det 2/3 fleirtal for å gå vidare i prosessen. Det andre er eit ekstraordinært landsmøte. Dette stadfester eventuelt vedtaket om oppløysing eller samanslåing med alminneleg fleirtal. Samstundes vedtek dette landsmøtet kva som skal gjerast med partiet sin eigedom.

2. Framlegg om oppløysing kan berre kome frå organisasjonsledd i partiet eller landsstyret. Det må vere innkomme til partikontoret seinast 31. desember året før landsmøtet som først skal handsame det.
3. Distrikts- eller landsstyret kan oppløyse eller slå saman lokallag når det ikkje lenger er medlemsgrunnlag for å oppretthalde dei. Medlemene i lokallaget har rett til å uttale seg på førehand. Distrikts- eller landsstyret vedtek òg kva som skal gjerast med eigedomen til lokallaget.

§ 20 Vedtekter og vedtak

1. Vedtak i Raudt sine organ skal skje med alminneleg fleirtal, om ikkje vedtekt seier noko anna. Alminneleg fleirtal er fleirtal av avgjevne røyster, utan å telle med blanke eller avhaldande røyster.
2. Ved røystelikskap fell forslaget. Ved røystelikskap ved personval vert valet avgjort ved loddkast
3. Om det er ulike tolkingar av vedtektene, gjeld sentralstyret si forståing. Denne kan ankast inn for landsstyret, som skal handsame saka ved første høve. Landsstyret si avgjerd kan ankast inn for landsmøtet.
4. Vedtektene er juridisk bindande i tvistar som gjeld Raudt sin eigedom.
5. Desse vedtektene kan berre endrast på landsmøte. Endring krev kvalifisert fleirtal, 2/3 av dei med stemmerett på landsmøtet. Frist for å fremje forslag til endring av vedtektene er fire veker før landsmøtet tek til. Landsmøtet kan berre gjere endringar som heng direkte saman med framlegg som er sendt ut på førehand. Om ikkje landsmøtet vedtek noko anna, trer vedtektsendring i kraft straks.
6. Landsstyret fastset standardvedtekter for lokale og regionale organisasjonsledd i tillegg til det som følgjer av desse vedtektene. Lokale og regionale organisasjonsledd kan likevel velje å utarbeide eigne vedtekter. Desse må ikkje bryte med dei sentrale vedtektene og skal godkjennast av landsstyret.

Endringar i § 20

- I punkt 1 er andre setning «Om to framlegg får like mange røyster, er ingen av dei vedtekne» tatt ut og er omformulert i forslag til nytt punkt 2
- I punkt 3 er følgjande setning tatt ut: «Om det trengst rask avklaring, kan telefonmøte eller liknande nyttast etter at alle partar har fått lagt fram sitt syn skriftleg.»
- Punkt 6 er foreslått endra- i dagens vedtekter er punktet slik:
- «Lokale og regionale organisasjonsledd kan ha eigne vedtekter. Dess må ikkje bryte med dei sentrale vedtektene. Lokale vedtekter kan ankast inn for landsstyret.»



Forslag til nye vedtekter.

1. Om Rød Ungdom skal være medlemmer i Rødt for å ha stemmerett
2. Forslag om begrensning i ansattes mulighet for å ha tillitsverv i partiet
3. Om adgang til å anke vedtak
4. Disiplinærbestemmelser
5. Kvotering og representasjon
6. Økonomiske spørsmål og kontingent
7. Ny vedtekt om folkevalgte
8. Sammensetning av landsstyret
9. Nominasjon til landsstyret
10. Valg av delegater til landsmøtet
11. Organisasjonsstruktur
12. Forslag om at dagens distriktsstyrer i distrikt som er stortingsvalgkretser videreføres uendret med hensyn til rettigheter og status, men under nytt navn (fylkesdelslag)

1. Rød Ungdom og medlemskap i Rødt

Komiteen foreslår enstemmig at disse bestemmelsene strykes:

- § 10-2: Disse må vere medlemmer i partiet
- § 18-2: Disse må vere medlemmer i Raudt

Komiteens flertall vil erstatte dette med ny bestemmelse i § 18 Ungdomsorganisasjonen:

- Nytt punkt § 18-4: Raud Ungdom sine representantar i Raudts organ har røysterett i desse.

Begrunnelse: Fleirtalet i komiteen meiner at Raud Ungdom, som partiets ungdomsorganisasjon, bør kunne ha autonomi i forhold til partiet. Raud Ungdoms delegatar til landsmøtet er uansett basert på Raud Ungdoms medlemmar i distriktet delegatan(e) blir sendt frå, og det er derfor ikkje hensiktsmessig at delegatane må være medlemmar då de ikkje representerer Raudt sine medlemmar.

Komiteens mindretall vil erstatte dette med ny bestemmelse i § 18 Ungdomsorganisasjonen

- Nytt punkt § 18-4: Raud Ungdom sine representantar i Raudt sine organ må vere medlem i Raudt for å ha stemmerett.

Begrunnelse: Mindretalet i komiteen meiner det er eit grunnleggande prinsipp at ein er medlem i en organisasjon for å ha stemmerett og ønsker derfor å ha denne teksten inn i vedtektene.

2. Forslag om begrensning i ansattes mulighet for å ha tillitsverv i partiet

Komiteen har hatt diskusjoner om hvorvidt det er nødvendig eller ønskelig å begrense ansattes adgang til å ha tillitsverv i partiet.

Komiteen har en delt innstilling og flertallet foreslår:

- Landsmøtet ber landsstyret om at det i neste periode gjennomføres en diskusjon i partiet om dette temaet.

Begrunnelse: Det kan bli litt hastverksarbeid hvis dette skal behandles på førstkommande landsmøtet i 2023. Dette er en kompleks sak som trenger grundige vurderinger. Det er også usikkert om det bør reguleres i vedtektene, eller om det skal utarbeides retningslinjer av landsstyret.

Mindretallet foreslår:

- § 4 Nytt punkt 8

Tilsette på eit nivå i partiet kan ikkje ha tillitsverv på same nivå. Dette gjeld ikkje midlertidig tilsette. Tilsette gjennom folkevalde organ telles på det relevante nivået

Begrunnelse: Rødt er i ferd med å bli en «stor» arbeidsgiver. Viktig å skille mellom ansattes rolle og arbeidsgiverrollen. De fleste partier og store deler av arbeiderbevegelsen er prinsipielle på problematikken.



Dette bør Rødt også være. Vedtektsbestemmelsen gjelder fra første ordinære årsmøter.

3. Om adgang til å anke vedtak

Komiteen foreslår enstemmig å stryke følgende bestemmelse:

- § 2-5 Medlemene har rett til å anke vedta frå eit organ til eit høgare organ

Komiteen begrunner strykningsforslaget med at bestemmelsen i § 2-5 er altfor vid. I et parti med 14 000 medlemmer kan man teoretisk sett sitte å behandle ankesaker månedlig. I tillegg er det vanskelig å se for seg hvilke vedtak dette skal kunne være. Det er ingen grunn til at flertallsvedtak skal kunne ankes. Et høyere organ kan vanskelig tenkes å overprøve flertallsvedtak i for eksempel et distriktsstyre eller et lokallags årsmøte.

I § 20 Vedtekter og vedtak står det at sentralstyret tolker vedtektene. Hvis medlemmer mener vedtektene er brutt, kan altså alle slike saker ankes inn for sentralstyret, videre at tolkningen i sentralstyret kan ankes til landsstyret. I forslag til ny § 15 Suspensjon og eksklusjon står det at brudd på vedtekter, retningslinjer eller program kan medføre suspensjon og eksklusjon, og at sentralstyret gjør slike vedtak, med ankeadgang til landsstyret. Komiteen mener derfor at saker det er av betydning at kan ankes inn for høyere organ er ivaretatt.

4. Disiplinærbestemmelser

Komiteen foreslår enstemmig en endring av disiplinærbestemmelsene. Inkludert å endre overskriften fra Disiplinærtiltak til Suspensjon og eksklusjon

§ 15 Suspensjon og eksklusjon

1. Om ein medlem eller tillitsvalgt skadar eller motarbeider Raudt, eller bryt vedtektene, kan medlemmen ekskluderast.
2. Eksklusjon krev kvalifisert fleirtal, 2/3 av dei røysteføre. Medan undersøking i saka skjer, kan medlemskap eller verv suspenderast. Eksklusjon og suspensjon kan vedtakast av sentralstyret
3. Ein ekskludert medlem kan anke avgjerda til landsstyret. I landsstyret krevjast og 2/3 fleirtal av dei røysteføre for at eit vedtak skal verte gjeldande
4. Retningsliner for behandling av eksklusjons- og suspensjonssakar vedtakast av landsstyret. Retningslinene skal ivareta retten til kontradiksjon og ha tydelege saksbehandlingsregler.
5. Raudt skal ha eigne retningsliner for handsaming av sakar med seksuell trakassering, desse retningslinene vedtas av landsstyret
6. Landsstyret skal velje ein behandlingskomitee for behandling av saker etter § 15-7.
7. Raudt skal ha eigne retningsliner for handsaming av konfliktsakar, desse retningslinene vedtas av landsstyret

Begrunnelse:

Komiteen mener det å ha bestemmelser om disiplinærtiltak utover suspensjon/eksklusjon ikke er hensiktsmessig. Andre partier har heller ikke bestemmelser om for eksempel «advarsel», «gult kort», midlertidig utestengelse, eller hva disiplinærtiltak eventuelt skal kunne være.

Det vil være veldig vanskelig å opprettholde en enhetlig praksis og sørge for likebehandling.

Eksklusjon er en alvorlig sak, og ikke noe som er til behandling særlig ofte. Andre disiplinærtiltak er et virkemiddel man kan ønske seg for å justere adferd, handling eller holdning. Selve ordet assosieres med straffetiltak for uønsket adferd. Komiteen mener hvor gode vi er på å bygge god organisasjons- og partikultur er mer avgjørende enn disiplinærtiltak. Komiteen viser i denne sammenheng også til retningslinjer for konflikthåndtering som er etablert for å sikre gode prosesser og dialog fremfor straffetiltak.

Komiteen er opptatt av å sikre gode prosesser, basert på retten til kontradiksjon i eksklusjonssaker, men ønsker at landsstyret skal få fullmakt til å utarbeide retningslinjer for saksbehandling da dette blir for detaljert for landsmøtet å gå inn i. Komiteen legger til grunn at det selvfølgelig vil være naturlig å involvere berørte organisasjonsledd i slike saker, det være seg lokallag eller distriktsorganisasjon, men at dette altså må ivaretas i retningslinjene. Vi foreslår også å stryke at distriktsnivået skal ha rett til å ekskludere og ønsker å ha denne adgangen kun for sentralstyret, med ankeadgang til landsstyret for den berørte. Eksklusjon er en alvorlig sak og må behandles i partiets høyeste organer.

Komiteen foreslår også å sette inn nye bestemmelser om at partiet skal ha retningslinjer for behandling av saker om seksuell trakassering og konfliktsaker. Vi har dette i dag, men vi mener det er riktig å nedfelle praksis i vedtektene, samt tydeliggjøre at landsstyret har et hovedansvar for skikkelig behandling av slike saker



5. Kvotering og representasjon

Komiteen innstiller enstemmig på at tittel i §14 endres fra «Kvotering» til «Representasjon».

Begrunnelse: Paragrafen inneholdt punkt som handlar om meir enn berre kjønnskvoltering, blant anna om arbeiderandel og målformer. I tillegg meiner komiteen at òg ved kjønnskvoltering handlar det om å sikre representasjon, og at ny tittel vil gjenspeile begge desse forholda.

Komiteen innstiller enstemmig på endring i § 14-1

- Endre frå «minst 50 prosent kvinner» til «minst like mange kvinner som menn».

Begrunnelse: Komiteen ønskjer å endre denne formuleringa for å betre klargjere korleis ikkje-binære skal reknast inn mtp. kjønnsrepresentasjon. Endringa vil i større grad gjere rom for ikkje-binære, samtidig som ein held på det viktige prinsippet om at det skal vere ein høg kvinneandel. Ny formulering vil òg framleis sikre at ein ikkje skal ha overvekt av menn i organ, på lister, e.l.

Komiteen innstiller enstemmig på endring i § 14-2

- Endre frå «Unntak frå punkt 1 kan gjerast ved vedtak i landsstyret eller andre organ landsstyret gir slik myndigheit til.» til «Lokallag kan få innvilga unntak frå punkt 1 av fylkesstyret.»

Begrunnelse: Komiteen mener at det er kun lokallag hvor det fortsatt kan være aktuelt med unntak jf. partiets størrelse. Det er etter komiteens mening unødvendig med unntak på fylkesnivå når vi har blitt såpass mange medlemmer i alle distrikter og har fungerende distriktsstyrer overalt.

6. Økonomiske spørsmål og kontingent

Komiteen foreslår enstemmig å slå sammen §§ 3 Kontingent og 17 Økonomiske spørsmål til:

§ 3 Kontingent og økonomiske forhold

1. Landsstyret fastset kontingentsatsar og reglar for innbetaling. Satsane skal graderast etter inntekt.
2. Kontingentinntekter fordeles mellom partiet sentralt og lokallag og distriktsorganisasjon. Fordelingen vert fastsett av landsmøtet
3. All offentlig partistønad til Raudt er partiets kollektive eigeendom:
 - a) Kommunale og fylkeskommunale bevilgninger beholdes lokalt, i henholdsvis lokallag og fylkeslag
 - b) Statlig støtte skal innbetales til partiet sentralt
 - c) Medlemer som får utbetalt godtgjersle som folkevalgte betaler partiskatt etter retningslinjer vedtatt av landsstyret.
 - d) Inntektene for slik innbetalt godtgjøring fordeles etter vedtak i landsstyret

Punktene 1 og 2 er fra tidligere § 3, punkt 3 er fra tidligere § 17

Endringen innebærer å stryke 2. setning i § 3 punkt 1, om virkning av ikke å ha betalt kontingent, begrunnet i at bestemmelsen anses å være ivaretatt i § 2 ved at det der står at du er medlem når du har betalt kontingent, hvis du ikke betaler kontingenten er virkningen at man ikke er medlem.

Siste setning i § 3-1 foreslås endret, det er oppfordringen om å betale mer enn kontingent. Begrunnelsen er at når vi først har differensiert sats for kontingent basert på inntekt, virker det utidig og samtidig ha en bestemmelse om at man bør betale meir.

Vi prøver derfor å tydeliggjøre at for de som benytter avtalegiro/Rødrev, gjelder ikke nødvendigvis inntektssatsene. Komiteen mener at det er tilstrekkelig at medlemmer generelt betaler kontingenten sin, og at de som kan, i tillegg gir til de innsamlingsaksjoner partiet har.

Punkt 2 foreslås endret begrunnet i at det er dette som ble vedtatt på landsmøtet i 2019. Bestemmelsen var tidligere at fordelingen skulle vedtas i forbindelse med budsjettbehandlingen, som jo er landsstyrets ansvar. Når først landsmøtet vedtok fordelingen i 2019 (i vedtak om Økonomiske retningslinjer) tenker komiteen at det er en praksis som kan videreføres.

Dagens § 17-2

«Raudt løner sine tilsette etter prinsippet om likeløn. Dette gjeld både kontortilsette og lønna tillitsvalde. Tilsette i Raudt har fri organisasjonsrett og kan krevje tariffavtale og pensjonsavtale.» foreslås strøket i sin helhet.



Begrunnelsen er todelt. Siste setning foreslås strøket fordi de ansatte allerede har en tariffavtale og en tjenestepensjonsordning. I tillegg er det en selvfølge at de har fri organisasjonsrett, likeens som alle andre i Norge. De to første setningene foreslås strøket fordi det både er uklart hva et prinsipp om likelønn skal innebære og fordi de ansatte både på partikontoret, i Stortingsgruppa og eventuelt ute i organisasjonen må følge bestemmelsen i tariffavtalen sin og ikke vedtekter i Rødt.

7. Ny vedtekt om folkevalgte

En av komiteens medlemmer ønsker en ny vedtektsbestemmelse om folkevalgte, de øvrige komitemedlemmene er uenige i dette.

Helhetlig forslag til ny paragraf om folkevalgtarbeide:

§XX Folkevaldarbeid

1. Folkevalde i Rødt representerer partiet, veljarane og innbyggjarane der dei er valt og må ta omsyn til alle dei skal representere i sitt folkevaldarbeid. Openheit og innsyn i dette arbeidet skal stå sentralt i folkevaldarbeidet til Rødt på alle nivå.
2. Representantane i folkevalde organ utgjør ikkje eigne organ i partiet. Dei skal forankre avgjersler og politikk i dei aktuelle organa i partiet.
3. Dei aktuelle organa i partiet kan binde dei folkevalde i alle saker. For å binde folkevalde til å stemme for noko som ikkje er i programmet dei har stilt til val på eller der det er usemje om tolking, må det avgjerast med 2/3 fleirtal i ei særskild votering. Det same gjeld om ein skal tillate at ein representant skal verte fristilt til å stemme mot politikk som dei har stilt til val på.
4. For stortingsrepresentantar er både landsstyret og distriktsstyret aktuelle organ. Om ein skal binde stortingsrepresentantar må landsstyret og distriktsstyret vere einig, og om ein skal fristille dei må minst eit av organa vedta det.
5. Tilsette gjennom folkevalde organ skal også innhente innspel, forankre politikk og bidra til at partiet, veljarane og innbyggjarane blir tekne omsyn til i det daglege arbeidet. Tilsette i stortingsgruppa må samarbeide med relevante utval og tillitsvalde i partiet i utviklinga av politikk og forslag. Ein skal unngå at tilsette skal bli ein særskilt maktfaktor i politikkkutforminga til partiet og tilsette skal vere bevisst på denne problemstillinga.

Begrunnelse: Folkevalgte for Rødt, og ansatte gjennom folkevalgte organer, har en veldig viktig rolle i partiet som burde ha en egen paragraf i vedtektene. Denne varianten vil også tydeliggjøre hvordan man kan binde og fristille representanter fra å stemme sammen med resten av folkevalgtgruppa. Der må man ved utvikling av ny politikk i løpet av en periode først vedta politikken med normalt flertall og deretter særskilt votere om dette skal være bindende for relevante folkevalgte, som må vedtas med en høyere terskel, her 2/3 flertall. Spesielt punkt 4 vil nok være kontroversiell og innebære en endring sammenlignet med landsstyrets vedtak om folkevalgterklæring. Hovedformålet er likevel at både binding av og fristilling av folkevalgte skal være unntak, mens konsensus og aksept for mangfold av meninger er normen, noe som er i tråd med praksis i dag.

8. Sammensetning av landsstyret

Komiteen innstiller enstemmig på endring av § 10-2 om sammensetning av landsstyret

Forslag til ny §10-2 om sammensetning av landsstyret:

- Landsstyret er samansett av arbeidsutvalet, sentralstyret, samisk representant, ein representant utpekt av Raud Ungdom og ein representant frå kvar stortingskrets. I tillegg får stortingskretsar med mange medlemmer fleire representantar etter følgande nøkkel: ein tilleggsrepresentant for kvar heile 1/15 av medlemmene i Rødt som er medlem av lokallag i stortingskretsen.

Siden forslaget også innebærer at man fastsetter den geografiske sammensetninga av landsstyret så vil behovet for §10-3 falle bort og foreslås derfor strøket.

Begrunnelse

Per nå har ikke landsstyret eller sentralstyret i Rødt noe definert størrelse. Vi ønsker samtidig å gå bort fra såkalte frie representanter for å fylle ut landsstyret og i stedet gjøre sånn at alle unntatt AU og SST har en geografisk tilknytning. Samtidig er det ønskelig at antall medlemmer skal ha noe å si på representasjonen, og at landsstyret skal ha omtrent samme størrelse som i dag, og at vi ikke skal få noe dårligere geografisk representasjon. Løsningen som vi har funnet, er at hver stortingsvalgkrets (19, de tidligere fylkene) skal ha en representant hver, og at hver stortingsvalgkrets vil få ekstra representant for hver 1/15 av medlemstallet de har. Tallet 15 er ikke tilfeldig, men er fordi det er så mange fylker vi har i dag. Det vil gi en litt større terskel for å få flere representanter i landsstyret enn om vi skulle bruke 1/19 som er antallet stortingsvalgkretser, men vil likevel



gi rimelig representasjon til våre største fylkeslag.

I dag har vi 26 landsstyrerepresentanter utenom sentralstyret, og denne modellen vil per nå gjøre at vi fortsatt får 26. Det kan potensielt bli noen få flere om Rogaland, Nordland, Vestfold og/eller Østfold får stor nok økning sammenlignet med andre stortingsvalgkretser at de får en representant nummer to, eller Hordaland får en representant nummer tre. Siden vi opererer med andeler av totalt antall medlemmer så er det lite trolig at det vil skje med mer enn en eller to av dem uten at det går ut over hverandre eller noen av de større stortingsvalgkretsene.

9. Nominasjon til landsstyret

Flertallets innstilling til §7-6 om nominasjon til landsstyret (som nå, med høyde for endring av navn på organisasjonsledd):

- I landsmøteår nominerer fylkeslaga kandidatar til landsstyret i tråd med §14 i vedtektene. Fylkeslag kan gjera dette i årsmøte, medlemsmøte eller delegatmøte. Nominasjon kan delegerast til årsmøte i fylkesdelslag i lokale vedtekter. Valkomiteen setter saman sitt forslag basert på dei nominasjonane som er sendt inn frå fylkeslaga

Mindretallets innstilling til §7-6 om nominasjon til landsstyret:

- Fylkesårsmøtet vel representantar til landsstyret i tråd med §14 i vedtektene. Dette kan delegerast til årsmøte i fylkesdelslag i lokale vedtekter.

Komiteen ba også om innspill også om hvorvidt man skal bare nominere eller direkte velge representanter til landsstyret fra årsmøtene i distrikt/fylke/fylkesdelslag. Her mener komiteens flertall at representantene skal nomineres av årsmøtene i distrikt/fylke/fylkesdel og velges samlet av landsmøtet, mens mindretallet mener at det skal velges direkte.

Mindretallets begrunnelse: Ved å flytte valg på de geografisk fordelte landsstyrerepresentantene til fylkene sjøl, så vil man sikre at man har en enda bedre demokratisk forankring nedenfra og opp. Det er helt i tråd med Rødts prinsipper og vi burde organisere oss mest mulig likt det samfunnet vi ønsker å skape. Dette kan gi noen utfordringer med å få en representativ sammensetning av landsstyret, men det finnes gode måter å løse det på også, for eksempel at landsstyret definerer utvalgte enpersonskretser som pålagte å velge kvinner dersom det viser seg å være en utfordring. Dette kan også gjelde andre demografiske kategorier. Dette kan rulleres fra årsmøteperiode til årsmøteperiode dersom det er behov for det. En ekstra bonus med denne løsningen er at man kan bytte landsstyrerepresentant fra år til år dersom det er behov for det enten fordi det skjer endringer i livssituasjonen deres, eller at de ikke lengre har en slik tilknytning til fylkespartiet at det er fornuftig at de fortsetter i rollen. Det vil også sikre at dem som ønsker å fortsette i landsstyret vil måtte forankre politikken bra i fylkespartiene sine og dermed øke den politiske og ideologiske representativiteten.

10.Valg av delegater til landsmøtet

Komiteen har sett på fleire ulike alternativ for val av delegatar til landsmøtet, og er delt i innstillinga. I tillegg til dei to hovudalternativa, set komiteen òg fram to forslag komiteen innstiller på ikkje å vedta, for at landsmøtet skal få større valfridom. Utgangspunktet både for dei to hovudalternativa og dei to andre moglege endringane er at organisasjonen vår heldigvis veks både i talet på medlemmar og i talet på lag. For å sikre den stadig større organisasjonen plass på landsmøtet må vi anten gjera plass til fleire på landsmøtet eller redusere talet på delegatar frå anten dei største eller minste laga.

Vedtektene vi har i dag bestemmer at alle lag skal ha ein representant på landsmøtet. Når vi får fleire lag, må landsstyret da anten ta desse representantane frå dei store laga, som sit igjen med fleire hundre medlemmar bak kvar representant, eller utvide landsmøtet. Dei siste åra har landsstyret kome til at vi har nådd ei grense for kor stort det er lurt at landsmøtet er, og har sett grensa på 215 delegatar ved landsmøta i 2021 og 2023. Større landsmøte betyr at møta anten må bli lengre eller gje enda mindre taletid til delegatane. Å auke talet med t.d. 20 delegatar, vil òg koste om lag 200 000 kr.

I tillegg vil komiteen kommentere at det fram til landsmøtet i 2019 var ei setning i punktet om val av delegatar til landsmøtet som sa at «Medlemstalet 1. januar i landsmøteåret ligg til grunn.» Denne setninga forsvann som ein utilsikta konsekvens av handsaminga av andre endringar i det same punktet. Komiteen tilrår å ikkje ta setninga inn igjen. Det inneber at det er opp til landsstyret å bestemme datoen for når medlemstalet skal reknast.



Alternativ A: Fylkeslaga vel delegatane til landsmøtet

§ 9 punkt 5–7 blir erstatta av tre nye punkt:

5. Fylkeslaga vel delegatar til landsmøtet. Landsstyret vedtar delegatnøkkel. Ingen fylkeslag skal ha færre enn 5 delegatar eller meir enn 15 prosent av delegatane.
6. Fylkesårsmøtet vel delegatar etter forslag frå lokallaga, og ut frå omsyn til medlemstal, geografisk fordeling og kjønnsfordeling. Lokallag som ikkje var representerte på det førre landsmøtet har førsterett på ein delegat. Fylkeslaget kan delegere valet til årsmøte i fylkesdelslag i lokale vedtekter.
7. I tillegg vel Raud Ungdom sjølv delegatar til landsmøtet, tilsvarande ein tidel av det samla talet på delegatar frå fylkeslaga.

Grunngjeving: Å velje landsmøtedelegatane samla frå kvart fylkeslag gjer det mogleg å sikre betre representasjon både med tanke på kjønn, minoritetar, politikkområde og medlemsmasse, innanfor rammene av eit landsmøte som ikkje blir uoverkommeleg stort. Delegatane skal framleis veljast etter forslag frå lokallaga, og på eit slikt vis at eit lokallag ikkje står utan delegatar på meir enn eitt landsmøte på rad. Nytt punkt 7 gir omtrent like mange delegatar til Raud Ungdom som i dag. Det er like mange i komiteen som ønsker alternativ A og alternativ B.

Alternativ B: Landsstyret vedtar heile delegatnøkkelen

§ 9-5 blir erstatta av eit nytt punkt:

5. Landsstyret vedtar ein delegatnøkkel som sikrar at flest mogleg lag er representerte samtidig som store lag får ein rimeleg representasjon.

Grunngjeving: Etter kvart som organisasjonen og talet på lokallag og medlemmar veks, blir det med dagens vedtekter mindre og mindre rom for landsstyret til å vedta ein delegatnøkkel som sikrar begge desse omsyna, og samtidig omsynet til storleiken på landsmøtet. Dette forslaget gir landsstyret tillit til å sette ein rimeleg delegatnøkkel som balanserer desse tre omsyna. Komiteen viser til at det er stor semje i organisasjonen og lang tradisjon i landsstyret for å sikre små lag representasjon. Det er like mange i komiteen som ønsker alternativ A og alternativ B.

Alternativ C: mindre endringar i dagens vedtekter

Her har komiteen kome fram til to uavhengige forslag, som komiteen ikkje innstiller på å vedta, men som komiteen likevel set fram til diskusjon:

- Forslag 1: Erstatte setninga «Alle lokallag som har tre medlemmer eller meir, skal ha minst ein delegat» i § 9-5 med «Alle lokallag som har ti medlemmer eller meir, skal ha minst ein delegat.»

Grunngjeving: For å hindre at landsmøtet blir for stort og samtidig gje rom for ein meir rimeleg representasjon.

- Forslag 2: Stryke setninga «Landsstyret vedtar delegatnøkkel.» i § 9-5, og legge til «Lokallag med minst ein prosent av det samla medlemstalet i Raudt skal ha éin ekstra delegat for kvar heile prosent.»

Grunngjeving: Dette forslaget sikrar rimeleg representasjon frå større lag, mot at landsmøtet blir større enn i dag. Med talet på lag og medlemmar i dag, gir det eit landsmøte med 234 delegatar, mot 215 i delegatnøkkelen landsstyret har vedtatt for landsmøta i 2021 og 2023.

Et medlem av komiteen ønsker å beholde dagens modell.

Begrunnelse: Ved å beholde dagens modell, så vil man ivareta at lokallagene også i praksis er den viktigste enheten i partiet. Prisen for å øke kravet til antall medlemmer for å få delegater er at et stort antall lag mister delegater, mens det gir liten effekt i reduksjon i antall delegater totalt. Ved å velge og beregne antall delegater på fylkesnivå i stedet for, vil man gjøre at fylker som har mange kommuner og dermed mange logiske lokallag, og er gode på partibyging, vil være langt unna å kunne få representasjon fra alle lokallagene sine (dette gjelder spesielt Nordland som nå har 25, men kan ha mer enn 30 lokallag i mer enn 33 forskjellige kommuner innen årsslutt, mens andelen av 200 delegater basert på medlemstall til fylket vil bli 11). Det finnes en rekke gode alternativer for å gjennomføre landsmøter på en god måte med flere delegater enn vi har pleid å ha, blant annet årlige landsmøter, digitale formøter, digital avstemning i etterkant av møtet m.m. Dette burde være måten partiet løser denne utfordringen på, ikke ved å innskrenke demokratiet. Derfor bør vi beholde dagens modell for å velge og beregne antall delegater.

11.Organisasjonsstruktur

Komiteen foreslår å ta i bruk omgrepa fylkeslag og fylkesdelslag for det som i dag heiter distriktslag, og overlate til fylkeslaga sjølv å bestemme korleis dei vil fordele ansvaret i fylket. I fylke som har eitt distriktslag



i dag, vil dette bli fylkeslaget. I fylke med fleire distriktslag, foreslår komiteen i eit eget forslag til vedtak i punkt 12 at desse vil halde fram som fylkesdelslag med uendra rettar. Rolla som samordningsstyre i fylket blir vidareført som styre i fylkeslaget. Forslaget består av fleire endringar som heng tett saman.

Forslag:

Overskrifta i § 7 «Distriktsorganisasjon» endrar namn til «Fylkeslag og fylkesdelslag»

- Punkt 1 skal lyde «Fylkeslag er partiet si organisering innanfor det enkelte fylket»

Etter punkt 2 foreslår komiteen å legge til tre nye punkt:

3. Eit fylkeslag kan fastsette i lokal vedtekt at fylkeslaget er delt inn i fylkesdelslag og overføre oppgåver til desse. I så fall skal det vere eit styre som samordnar arbeidet og representerer partiet i fylket. Valmåten for styret vert fastsett i lokal vedtekt.
4. Eit fylkeslag kan ikkje slå saman fleire fylkesdelslag utan at kvart av dei samtykker til det.
5. Der det finst fylkesdelslag, gjeld dei etterfølgjande punkta i denne paragrafen kvart av fylkesdelslaga i staden for fylkeslaget.

- Heile § 8 Fylkesorganisasjon går ut, men er dels innarbeida i dei nye punkta over.

Som konsekvens foreslår komiteen å endre alle førekomstar av distrikt, distriktslag og distriktsstyre i vedtektene til høvesvis fylke, fylkeslag og fylkesstyre. (Dette gjeld ikkje ordet valdistrikt.)

Grunngjeving:

Forslaget til ny formulering av punkt 1 er ei forenkling av punktet slik det er i dag. Organisering etter andre grenser er flytta til nytt punkt 3, der det òg er skildra korleis ein fastset slik organisering lokalt. Det nye punktet 4 vernar fylkesdelslag mot å bli slått saman mot si eiga vilje. Punkt 5 overfører ansvar for dei resterande punkta i paragrafen frå fylkeslaget til fylkesdelslaga, der det finst slike. Det sikrar, som i dag, at ein ikkje treng nokon stor organisasjon på fylkesnivå der ein har fylkesdelslag.

Dei første to punkta i § 8 Fylkesorganisasjon er ivaretatt i nye punkt i § 7. Dei siste to punkta er foreslått stroke, fordi komiteen meiner at fylkeslaga og fylkesdelslaga kan styre dette betre i eigne vedtekter.

Andre forslag:

- I § 5-3 foreslår komiteen å stryke «Distriktsstyret/landsstyret kan gjere unntak frå dette.»

Grunngjeving: Dette er minstekrav som alle lokallag må oppfylle

- I § 7-2 foreslår komiteen å legge inn «, skolering», slik at opprømsinga blir «til felles handling, skolering og utvikling av politikk.»

Grunngjeving: Komiteen ønsker å ta ansvaret for å koordinere skoleringa av medlemmane inn i vedtektene.

- I § 7-4 om godkjenning av nye lag foreslår komiteen å legge til «og rapporterer desse inn til partikontoret»

Grunngjeving: Partikontoret må vite om alle laga som eksisterer.

12.Forslag om at dagens distriktsstyrer i distrikt som er stortingsvalgkretser videreføres uendret med hensyn til rettigheter og status, men under nytt navn (fylkesdelslag)

Dette forslaget er enstemmig fra komiteen og skal behandles i sammenheng med forslaget om organisasjonsstruktur hvis dette blir vedtatt. Hvis vedtektenes § 7 Distriktsorganisasjon ikke blir endret er innholdet i dette forslaget ivaretatt.

Forslag til vedtak:

Distriktslag som eksisterer i dag, der hvor det er flere stortingsvalgkretser innen samme fylke, videreføres uendret hva gjelder status og rettigheter, men endrer navn til fylkesdelslag. Eventuelt nye fylkesdelslag som skulle bli opprettet i fremtiden omfattes helt og fullt av bestemmelsen i ny vedtekt. Vedtaket gjelder for Hordaland, Sogn og Fjordane, Hedmark og Oppland

